



NVE Konesesjonsavdelinga

Dato: 03.09.2014
Vår ref.: 2014/17541-8
Saksbehandlar: einhuns
Dykkar ref.:

Vedtak: Søknad om å byggja 2 småkraftverk i Fusa. Delfråsegn i samband med samla høyring på 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger.

Vedlagt følgjer vedtaket om høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune i nemnde sak.

Einar Aalen Hunsager
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Innstillinga, med slik endring i punkt 2:

Av omsyn til biologisk mangfald rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av utbygging av Matlandselva kraftverk."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Koldalsfossen kraftverk:

1. Av omsyn til landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og reiseliv rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Koldalsfossen kraftverk.

Matlandselva kraftverk:

2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygginga av Matlandselva kraftverk.
3. Av omsyn til vandrane kritisk truga ål må Coanda-inntak installerast.
4. Av omsyn til raudlista artar må planlagde anleggsveggar justerast etter funnlokalitetar.
5. Av omsyn til elveavsnittet med naturtype bekkekløft, fuktkevande artar og eventuelle gyteområde for bekkeare må høgare minstevassføring vurderast.
6. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
7. Dersom utbyggjar utgreier og dokumenterer fordeler for fuktkevande artar gjennom kunstige flaumar rår Hordaland fylkeskommune òg til reguleringa av Hafskorvatnet.
8. Utbyggjar må jf. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland undersøke moglegheiter for å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.